



Norconsult As
Waldemar Solheim
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Referanser:
Dykkar: 52106117
Vår: 23/6371 - 23/85430

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
06.11.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 185/143 Isdal

Tiltak: Dispensasjon for etablering av sandhåndballanlegg
Byggjestad: Gbnr: 185/143
Tiltakshavar: Alver Kommune v/avd. Eigdomsforvaltning
Ansvarleg sækjar: Norconsult As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.08.2023. Saka vart sendt på høyring 20.09.2023 med 4 vekers uttalefrist. Høyringsfristen er no ute, sjå vedlagde høyringsuttale.

Planlagt tiltak krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon i frå veglova §29. Vi ber om at det vert gjort greie for behov for sikring av planlagt bane i høve køyrbar gang-/sykkelveg, oppdaterte teikningar.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå avstandskrav gjeve i veglova § 29.
2. Oppdatert teikningsmateriale i høve til evt. sikringsgjerde mot veg, oppdatert situasjonsplan i høve avstand til køyrbar gang-/sykkelveg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 06.12.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar sækjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver Kommune v/avd.
Eigdomsforvaltning

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Mottakarar:

Norconsult As

Postboks 626

1303 SANDVIKA